



Hemsedal kommune

## Internt notat

---

Til: Dato: 14.11.2016

Frå: Ivar Bergstøl Referanse: 16/00146-37

Kopi:

---

### PLANSTRATEGI 2016 - 2019 OG FRAMLEGG TIL PLANPROGRAM FOR KOMMUNEPLAN- AREALDEL 2017 - 2027.

**Samandrag av uttale/merknader i samband med offentleg ettersyn , - og  
rådmannen sine kommentarar.**

O = Offentlege instansar N =Nabokommunar L= Lag,- og organisasjoner

	<b>Uttale frå off. instansar:</b>	<b>Rådmannen sine kommentarar:</b>
01	<p><i>Fylkesmannen i Buskerud</i>, brev av 17.10.16. Fylkesmannen har gjennomgått framlegget til planstrategi og meiner det er utarbeida god oversikt over kommunen sitt planbehov for perioden. Vidare uttale går på at strategidokumentet inneheld dessutan ein del av det kunnskapsgrunnlaget som vil vere basis for revisjon av kommuneplanen. Fylkesmannen peikar vidare på at Hemsedal kommune, dei siste åra hatt ein forholdsvis stor befolkningstilvekst og har forventning om at denne vil fortsette i planperioden fram mot 2030.</p> <p>Det går frem av strategidokumentet at kommunen har ein relativ jamm aldersfordeling i</p>	<p>I hovedsak vert innspelet oppfatta slik at Fylkesmannen meiner at planstrategien og planprogrammet gjev eit godt grunnlag for å ivareta overordna føringar og retningslinjer.</p> <p>Rådmannen tek råda frå fylkesmannen til etterretning i det vidare arbeidet med kommuneplan, og foreslår å tydleggjere i pkt. 2.5.3 aktiv bruk av det regionale planforumet i planprosessen med kommuneplan.</p>

	<p>befolkinga, med ein veksande middaldrande og eldre aldersgruppe i slutninga av planperioden. Det er derfor viktig at kommunen arbeider med, og følgjer opp sitt tjenestetilbud i balanse med denne utviklinga. Fylkesmannen meiner og at det er positivt at planstrategien også tek plansystemet opp til gjennomgang, slik at det gjev grunnlag for forståing av plantypane som politisk styringsverktøy.</p> <p>Både i uttalen til planstartegi og planprogrammet for arealdelen har fylkesmannen peika på følgjande viktige moment i vidare planarbeid:</p> <p><u>Klima, areal-, og transport</u>, <u>naturmangfald</u>, <u>landskap-friluftsliv</u>, <u>klimatilpassing</u>, <u>vatn-vassdrag</u>, <u>teknisk infrastruktur</u>, <u>langsiktig arealbruk</u>, <u>landbruk</u>, <u>folkehelse</u>, <u>samfunnsikkerheit</u>, samt at kommunen legg til grunn arealpolitiske føringer om fritidsbebyggelse i St. meld. nr. 26 (2006-2007) <i>Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand</i>.</p> <p>Fylkesmannen meiner og at det bør være en gjennomgang av eksisterande område som er avsett til bustad-/næringsbebyggelse i utviklingsområda Tuv, Ulsåk og Trøym slik det kjem fram av planprogrammet. Det bør i den samanheng lagast oversikt over ledige regulerte areal i kommunen og at det samtidig vert sett på kor mange bustad- og næringstomter gjeldande planar legg opp til. Her vil og eit eventuelt fortettingspotensiale også kunne vurderast gjennom planprosessen. Fylkesmannen peikar og på at planarbeidet med arealdelen i Hemsedal kan medføre utfordringar bla. knytt til</p> <p>vegsambandet mellom Vestlandet og Østlandet.</p> <p>Till slutt er det gjeve fagleg råd om at det i planprogrammet bør vurderast tettare samarbeid og tidligare dialog med regionale myndigheter. Regionalt planforum med aktuelle myndigheter kan nyttast,- også ved fleire omgangar i planprosessen.</p>	
02	<p><u>Buskerud fylkeskommune</u>, brev av 25.10.16. Buskerud fylkeskommune meiner framlegg til Planprogram for kommuneplanen, arealdelen, dekkar på ein god måte naudsynt innhald i eit planprogram, og heng godt saman med dei analysane og vurderingane som er gjort i framlegg til kommunal planstrategi. Fylkeskommunen meiner vidare at framdriftsplanen verker både dekkande og realistisk, og vil kunne sikre medverknad i planprosessen på eit tidlig tidspunkt.</p> <p>Fylkeskommunen viser vidare til avsnitt 1.3.2 i planstrategien - Regionale føringer. Det vert peika de regionale planane sin rolle, som førande både for kommunen sin,- og regionale myndigheter sin planlegging og verksemd. Fylkeskommune bistår kommunen om korleis dei regionale planane skal leggast til grunn.</p>	<p>Rådmannen, ser ut i frå utalen til Buskerud fylkeskommune at det ikkje er naudsynt å endre eller presisere planstartegi og planprogram, men vil legge opp til ein aktiv dialog med tanke på å implementere regionale planar i prosessen, dette gjeld spesielt regional plan for Nordfjella. Vidare vert det i planprosessen lagt opp til dialog gjennom regionalt planforum.</p>

	<p>Fylkeskommunen er fornøyd med at det er avsett møte i regionalt planforum i framdriftsplanen, og at dette er satt i forkant av høyringsperioden.</p> <p>Buskerud fylkeskommunen peikar vidare på at når det gjeld verna kulturminne føreset fylkeskommunen at omsynet til desse blir tatt med i vidare planarbeid. Viktige kulturmiljø kan leggast som omsynsone allereie på kommuneplannivå, og fylkeskommunen kan bistå med informasjon der dette er naudsynt. Fylkeskommunen vil elles kome med meir detaljerte innspel når det føreligg utkast til plankart som viser arealdisponeringar med gamle og nye byggeområde.</p>	
O3	<p><u>NVE</u>, brev av 25.10.16. NVE ser det som positivt å sjå at kommunen så tydeleg i planprogrammet trekker fram eit ynskje om å få fram kvalitetane knytt til vatn og vassdrag. NVE peikar vidare på flaumfare, skredfare med snøskred og steinsprang jordskred der ein bruker aktivt oppdaterte flaumsonekart i Hemsedal. Peikar elles på at vassdrags, og energianlegg skal avsettast som omsynssone i plan.</p> <p>Kommunen har allereie eit eige varsemdkart som syner aktsemdområder for steinssprang/snøskred som omsynsone og har føresegner som seier at innanfor desse områda må fare for skredrisiko vurderast nærmare. Sidan førre rullering er det også utarbeida eit jord- og flaumskredkart. Desse karta tar utgangspunkt i ravinar/bekkedrag i bratt terren, der det er lausmasser tilgjengeleg. Rår elles til at i områder der det er aktuell fare må vurderast nøyne i høve til å legge inn nye byggeområde.</p>	<p>NVE sin uttale går mykje på faglege råd i det vidare planarbeidet med utforming av kommuneplan. Rådmannen meiner dette er viktige råd som skal takast med i planarbeidet for revidering av kommuneplan,- og at det vert lagt opp til ein god dialog med NVE, slik dei har invitert til.</p>
O4	<p><u>Statens vegvesen</u>, brev av 20.10.16 viser til sentrale dokument og nasjonale mål for transportutviklinga. St vv. viser og til relevante regionale føringer i gjeldande fylkesdelplaner vedrørande transport, samt til veglova og handbøker om vegutforming. Det er gitt ei rekke anbefalingar til kommunen sitt planarbeid:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Eigne kommunedelplanar for gang-sykkelvegnettet, kollektivruter og trafikktryggleik.</li> <li>- At kommunen i sin rolle som planmyndighet prioriterer naudsynte ressursar med riktig kompetanse på vegvesenet sine fagområder.</li> <li>- At kommunen i sin arealutvikling, ivaretak omsyn til etablerte eller eksisterande samferdselskorridorar, og ikkje legg opp til auka biltrafikk, slik at kapasitet på dei ulike vegnetta vert sprengt.</li> </ul> <p>St. v.v har peika på veglova med forskrifter, samt vegnormaler er eit viktig grunnlag i planlegginga og ser at veglova ikkje er nemnt under sentrale lover og retningslinjer på</p>	<p>Statens vegevesen peikar på at kommunen må løyse trafikkale utfordringar i hovudsak med sin arealpolitikk. Et godt planarbeid forutset at Buskerud Fylkeskommune, Brakar og Statens vegvesen deltar i arbeidet og at det vert sett av ressursar til arbeidet.</p> <p>Hemsedal brukar temaplaner framfor kommunedelplaner, og det vert lagt opp til å ikkje endre dette, då temaplansystemet er meir fleksibelt enn kommunedelplanar. Dette bidreg også til forenkling av kommunen sitt planarbeid. Dette er og forventa gjennom dei nasjonale forventingane.</p> <p>Rådmannen rår til at veglova vert tatt inn i pkt. 1.3.1 og at dei faglege råda vert med vidare i planprosessane med kommuneplan. Planfagleg vil samferdselsmomenta gjennom planarbeidet verte handtert og løfta opp til</p>

	<p>side 7 i oversendt dokument og rår til at den bør inn her. Det er vidare peika på at det ikkje er nokon planar for rv 52 gjennom kommunen og at eksisterande trasear vert fasthalde. Ved trafikk, - og vegplanlegging må kommunen sjølv stå for naudsynt kompetanse på område, eller leige inn konsulentar.</p>	<p>Statens vegvesen gjennom planforumsmøter. Alt etter kva status på hovudvegnettet RV 52 får i høve til hovudvegsambandet aust – vest, vil ein måtte ta stilling til vegnettet gjennom Hemsedal i denne planprosessen. Rådmannen ser det som ei utfordring dersom st. vv vil kun stille seg på sidelinja i høve til dette, og ikkje vere aktiv aktør dersom det tvingar seg fram konseptvalgutredning (Kvu) på overordna vegnett. Tradisjonelt er dette eit samarbeid mellom st. vv og kommunen, der kommunen tek stilling til trasear og står for å gjennomføre vala i gjennom kommuneplanprosesser medan Statens vegvesen står for sjølve utgreiinga.</p>
<b>Uttale frå nabokommunar:</b>		
N1	<p><u>Lærdal kommune</u>, brev av 24.10.16. Frå Lærdal kommune etter vedtak i Lærdal kommunestyre sen 20.10.16 er det fylgjande vedtak/ uttale:</p> <p>1.</p> <p>Lærdal kommune ynskjer eit godt samarbeid med Hemsedal kommune for å utvikle Hemsedalsfjellet som eit viktig og unikt rekreasjonsområde. Me oppfordrar Hemsedal kommune til å delta i eit kommunesamarbeid mellom Lærdal og Hemsedal, for å sjå på moglegheiter og utvikling av dette felles fjellområde. Tema i eit slikt samarbeid, kan vere å vurdere utvikling av nye hytteområde, vasskraft, veg, anlegg og anna infrastruktur, tilrettelegging for langrenn –og alpin aktivitet og anna fjellsport, vurdert opp i mot samfunnsutvikling, ringverknadar for reiselivet, trivselstiltak for innbyggjarar, miljø og klima(f.eks konsekvensar for villrein ved utbyggingstiltak), osv. Lærdal kommune vil uavhengig av eit slikt samarbeid, oppfordre Hemsedal kommune til å gjennom sitt planverk:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>· ta dei nødvendige omsyn til villreinen sitt leveområde i Nordfjella (jf. Regionalplan for Nordfjella)</li> <li>· sjå på Hemsedalsfjellet som eit utviklingsområde, men også eit viktig og unikt rekreasjonsområde der ein må vurdere nye utviklingstiltak opp mot konsekvensar for tema som miljø, området som rekreasjonsområde og reiselivet.</li> </ul> <p>2.</p>	<p>Uttalen frå Lærdal kommune er eit positivt bidrag som grunnlag for det vidare arbeidet. Prosess og kva måte ein vil implementere regional plan for Nordfjella vert eit arbeid vidare, der og Lærdal kommune kan vere ein samtalepartner i dette arbeidet, Også andre viktige moment i grenseområde mellom Lærdal og Hemsedal kan vere viktig i dette arbeidet.</p>

	<p>Lærdal kommune ynskjer å halda fram det gode samarbeidet me har med Hemsedal kommune for å arbeide fram stamveg over Hemsedalsfjellet, og vil oppfordre Hemsedal til å innarbeideringverknadane av ein slik stamveg i sitt analysearbeid for arealdelen (og anna planverk), for å synleggjere kva konsekvensar stamvegen (og/eller utvikling og forbetring av RV52) kan ha for blant anna transportnærings og anna næring i dykkar region.</p>	
	<b>Uttale frå lag,- og organisasjonar:</b>	
<b>L1</b>	<p><u>Hemsedal Eldreråd</u>, brev av 07.11.16. Eldrerådet kjem med uttale til planstrategien gjennom møteprotokoll Hemsedal Eldreråd 24.10.2016 med følgjande uttale:</p> <p><b>21/16 Kommunal Planstrategi:</b></p> <p>Eldre må inn som eige punkt i planstrategien.</p> <p>Hemsedal kommune skal vera ein god kommune å bli eldre i. Det skal vera ein verdig og god eldreomsorg der livet levast mens tida går.</p> <p>Dei eldre vert stadig fleire og behovet for ein god eldrepolitikk aukar. Eldrerådet arbeider for å betre dei eldre sine levekår.</p> <p>Kva gjev god eldreomsorg:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Habilitering/rehabilitering</li> <li>- Tett oppfylging</li> <li>- Utbygging av omsorgsbustadar</li> <li>- Bustadar med livsløpsstandard</li> <li>- Universell utforming av bygg og utearealer (også tilrettelagte stigar o.l.)</li> <li>- Møteplassar</li> <li>- Legge til rette for at dei eldre i bygda føler seg integrert.</li> </ul> <p>Temaplan om seniorar/eldre bør utarbeidast og Eldrerådet ber om t den vert lagt inn i Kommunal planstrategi</p> <p>I del 2 kapitel 2.2.5 manglar butilbod for eldre.</p>	<p>Det er viktige punkt eit planarbeid som Hemsedal Eldreråd kjem med. Ein del av punkta er knytt opp mot fysisk planlegging og ein del er knytt opp mot dei mjuke verdiene innan pleie og omsorg. Rådmannen meiner at nokre av punkta kan integrerast i planstrategi,- og plandokument, medan nokre punkt eller moment allereie ligg i gjeldande kommuneplan sin samfunnsdel, og vil då vere ein del av verksemndsplanane innan Helse, velferd og omsorg. Som det kjem fram i planprogrammet skal ein gjennom revidering av arealdelen gje tydlegare føringar frå samfunnsdelen i kommuneplan. Rådmannen meiner ein del av momenta vert i varetatt gjennom dette, men tilrår følgjande: Pkt. 2.2.5 i planprogrammet vert supplert med desse punkta:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <i>Utbygging av omsorgsbustadar</i></li> <li>- <i>Bustadar med livsløpsstandard</i></li> <li>- <i>Universell utforming av bygg og uteareal (også tilrettelagte stigar o.l.)</i></li> <li>- <i>Gode møteplassar for alle</i></li> </ul> <p>Pkt. 2.2.6 i planprogrammet vert supplert med: <i>Folkehelsearbeidet er og ein del, med å legge til rette for at dei eldre i bygda føler seg integrert.</i></p>

Ivar Bergstøl